



Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/2903 - 18/1446

Saksbehandlar:
Eli Bjørklid
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:
16.01.2018

Gbnr 194/2 Mundal Nedre. Søknad om dispensasjon frå søknadsfrist del 2 produksjonstilskot 2017.

Vedlagt søknad frå Helga og Lars Kåre Eikrem om dispensasjon frå søknadsfristen for søknadsomgang 2 i produksjonstilskottet for 2017.

Søker si grunngeving er misforståing. Det var mange forskjellige søknader som skulle sendast på om lag same tidspunkt. Samstundes hadde ein ikkje helt klart for seg kva rutinar som var knytt til det nye systemet for produksjonstilskott i jordbruket.

Søker trudde såleis at søknaden var levert. Feilen vart oppdaga då sakshandsamar avviste søknaden på grunn av mangelfulle opplysningar og manglande arealoppgåve.

Søker klaga på dette og hevda søknaden var sendt. Undersøking både hjå Ldir og hjå kommunen synte at så ikkje var tilfelle.

I samtale med fylkesmannens landbruksavdeling, vart det då rådd til å søke dispensasjon.

Søknaden vart sendt på mail frå søker til kommunen 15/12 – 2017. Men kom ikkje fram. Først etter nyttår tok sakshandsamar fatt i dette og det vart klart at søknaden måtte sendast på nytt. Dette er grunnen til at sjølve dispensasjonssøknaden no kjem til fylkesmannen på eit så seint tidspunkt i søknadsforløpet.

Søker driv gard med sau. I mai vart det oppgitt 14 vaksne søyer og 1 vær. Det vart ikkje gjeve opplysning om søknad om avløyser. **Organisasjonsnummeret er 986824227.**

Vurdering:

Kommunen vurderer det som legitimt at søker ikkje fekk med alle endringane som skjedde i søknadsomgangen 2017. Det er svært mange søknader som på eit eller fleire felt har vore feil, eller opplysningar har vorte gløymt. Kommunen tilrår derfor at det vert gjeve dispensasjon frå søknadsfristen, slik at det kan leverast ein komplett søknad.

Eli Bjørklid
saksbehandlar



Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Helga og Lars Kåre Eikrem

Hopsdalsvegen 42 5015

BERGEN

Mottakarar:

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310 5020